



BJERKREIMS NYTT



DALANE KULTUR festival



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
MARS 2023**



KOMMUNEHUSET:

Tlf 51 20 11 00
Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Måndag 15.00 - 19.00
Tysdag 14.00 - 18.00
Onsdag 14.00 - 18.00
Torsdag 12.00 - 15.30
Fredag 12.00 - 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 21. mars kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 30. mars. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG

GRAFISK FORMGIVING:

Jærprint

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



Hei, gode sambygdingar!

Februar er årsmøte-tid for mange. Om det er i politikken, eller i organisasjonslivet generelt, så er februar «årsmøtetida» Det er alltid kjekt å koma i hop og snakka om felles utfordringar for framtida.

Kjekk utvikling - i 2018 var fiberdekninga i Bjerkeim kommune 49 prosent. Ved utgangen av 2023 vil 85 prosent av innbyggjarane i Bjerkeim ha tilgjengeleg digital infrastruktur i veggjen. Det er eit enormt bra

løft for kommunen. Men, vi bør ikkje gi oss før talet er 100 prosent.

Dette handlar om prioriteringar, god kommuneøkonomi, og hardt arbeid av mange. Det er ekstra kjekt når resultatata er så godt målbare.

Det var så kjekt å lesa om Kirill Luhin og Nataliia Kapusta i Dalane Tidende. Dette er nokre av våre nye bjerkreimsbuarar som har kome frå Ukraina. Nå er dei ute i praksis i kommunen. Takk til kommune og lokale bedrifter som seier JA! Takk til dei som opnar opp og gir moglegheiter for våre nye innbyggjarar.

Bjerkeim har nyleg vedtatt at vi vil ta imot fleire ukrainarar i 2023.

Det gjer meg glad - at vi har plass, kapasitet og handlingsrom.

Handlingsrommet skaper vi gjennom langsiktig god kommuneplanlegging.

Det gir oss moglegheiter til å hjelpe. Alt heng saman med alt.

Vi menneske blir små og hjelpelause når planeten finn ut at den skal gi beskjed. Dødstala i Tyrkia og Syria stig for kvar dag. At 16 gonger Bjerkeim si befolkning ligg begrava i ruinane etter jordskjelvet er heilt forferdeleg. Dette er folk som oss, med minner, relasjonar, pårørande og historiar. Alt er rive bort på sekunder. Våre tankar er med alle dei som står i denne krisa og i krigen i Ukraina.

Vi hadde kommunestyre for 8. klasse i februar. Det var veldig kjekt. Flinkke ungdomar med meiningar, flinke talarar, og godt skrivne innlegg. Det blei en god debatt om bruk av dagens omsorgssenter, sentrumsplan, seinare skulestart, ny gapahuk og ei hypotetisk økonomisk gåve. Demokratiet må vi ikkje ta for gitt. Denne dagen handlar om nettopp det!

Det er sikkert fleire av oss som har begynt å ta i bruk AI-teknologi i kvardagen. Det er både spennande og skremmande kva datamaskiner nå kan gjere. Eg utfordra denne kunstige intelligensen til å skrive eit kort dikt om framtidstru. Her er resultatet:

**Framtiden venter, med åpne dører,
med muligheter og eventyr som hører.
La oss se framover, med håp og glede,
og omfavne framtiden som vårt største glede.**

Vennleg helsing, Kjetil Stettebo

POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkeim.kommune.no

Gruppemøter:	Torsdag	09.03	kl. 19.00
Formannskap:	Måndag	13.03	kl. 13.00
Ungdomsråd:	Måndag	13.03	kl. 17.00
Levekårsmøte:	Onsdag	15.03	kl. 13.00
LMT-møte:	Onsdag	15.03	kl. 19.00
Kommunestyre:	Tysdag	21.03	kl. 19.00

OFFENTLIG BADETILBUD FRAM TIL PÅSKE 2023

Det er vann i bassenget på Vikeså skule fram til påskeferien. Badetilbud for barneskoleelever mandager og offentlig svømming lørdager er åpent hver uke til og med lørdag 25. mars (offentlig svømming) og mandag 27. mars (mandagsbading for barneskoleelever).

Se Bjerkreim kommune sin nettside under kultur - idrett - offentlig svømming for nøyaktig klokkeslett på de ulike badetilbudene.

VIL DU VERE MEDSEGLAR?

Du kan vere med å segla med Tall Ships Races frå Fredrikstad til Sirevåg. Bjerkreim kan ha med ein deltakar. Frå 17.-21.juli

- Ungdom i alderen 15 til 25 år
- Eigendel er kr. 1500

(Næringsforeninga sponsar kr 6000, kommunen kr 1000).

Er du interessert, eller vil vite meir? Send ein e-post til: Annette Olden Nedrebø: annette.olden.nedrebo@bjerkreim.kommune.no, eller ring: 988 80 147.

BJERKREIM BOSETTER 35 FLYKTNINGER I ÅR

Kommunestyret har vedtatt å bosette 35 flyktninger i 2023. Eventuell familiegjenforening kommer i tillegg. Politikerne har også bedt om en ny sak i september for å vurdere om kommunen skal ta imot flere.

Bosettingen har gått bra til nå. Takk til alle frivillige som har stilt opp og bedrifter som tar imot introdeltakere (flyktninger) i praksis.

Vi trenger flere boliger, spesielt sentrumsnære. Vi trenger også flere frivillige, for eksempel turvenner, fiskevenner med mer.

Vil du bidra? Ta kontakt med kommunen.

NYTT AKTIVITETSSENTER I SKJERABERGET HELSEHUS

Velkommen til aktivitetssenteret! På aktivitetssenteret ønsker vi at du skal ha noen å tilbringe dagen med, noe å se frem til. Målgruppa for tilbudet er hjemmeboende eldre som av ulike årsaker har behov for et sosialt tilbud en eller to dager i uken.

Du blir hentet og kjørt hjem med «lionsbussen». Åpningstidene er mandag og onsdag fra 9:00 til 15:00. Du får servert middag eller varm lunsj hver dag. Vi tilpasser aktivitetene etter vær/årstid og ønsker fra brukere av tilbudet.

Noen av aktivitetene våre:

- håndarbeid
- vedarbeid
- baking
- fast allsangstund med Annette Olden Nedrebø på piano
- besøk fra diverse frivillige
- trim
- tur med bussen
- korte fotturer
- diverse spill
- høytlesning

Hvis du lurer på noe om tilbudet eller er interessert i å bli med, ta kontakt med Gunn Anita på tlf. 404 44 912.



VALG

LEVERING AV LISTEFORSLAG

Listeforslag til kommunestyrevalet må leverast til kommunen innan 31.mars kl. 12.00, og helst på malane som ligg på www.valg.no, under Listeforslag, og med dei pålagte vedlegga.

Ta kontakt med kommunen hvis de lurer på noko.

DALANE KULTURFESTIVAL

Billettsalg og fullt program: egersundkulturhus.no

Onsdag 22. mars

Jenny Jensen

Gratiskonsert på Bjerkreim omsorgssenter. Åpent for alle!
Kl. 16.30

Torsdag 23.mars:

Barneforestilling Molly og Partner «Jeg vil heller danse på bordet!»
Kulturbanken Vikeså
Kl. 18.00

Fredag 24.mars:

Arkeologivandring
Holmen - Dagsturhytta
Oppmøte parkeringsplass i Holmen
Servering ved Friluftsrådet
Kl. 11.00

Lørdag 25.mars:

Showtime - Escape Room
Løs gåter og redd showet!
Kulturbanken Vikeså
Kl. 17.00 og kl. 19.00

Terje Vigen - Rogaland teater
Forestilling ved skuespiller Anders Dale - innledning ved Johan Aakre om økonomisk krigføring
Pittergarden
Kl. 20.00



Søndag 26.mars

Ole Paus

Konsert i Bjerkreim kyrkje
Kl. 19.30

BINGO

8. mars i peisestova på Misjonshuset.

Kl. 14.00 - ca.16.00.

Arr: Bjerkreim helselag

ÅRSMØTE I HELSELAGET

9. mars kl. 19.00 i peisestova på Misjonshuset. Kristine Osland forteller om Fremtidsfullmakt. Årsmøte, mat og utlodning.

BJERKREIM PENSJONISTLAG

Møte torsdag 30. mars kl. 14.00 til 17.00 i Litlesalen på samfunnshuset.

Program:

- Kven vert ordførar i Bjerkreim frå hausten? Denne gongen kjem Børge Vassbø frå KrF.
- God mat, inngangspengar kr. 50
- Underholdning, loddsal, biletrebus

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 15. mars kl.19.30 på Vikeså

Veiservice – Quizmaster: Tom

Fjermedal

Startkontingent kr. 30,-

BJERKREIM BRETTSPELKLUBB

Lyst til å læra eit nytt brettspel eller spela favorittspelet ditt med nye folk: velkomen til Bjerkreim Brettspelklubb!

Tid: 8. mars kl 19.00.

Stad: Skjeraberget folkehelsehus

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 2. mars kl 19.00 på kommunehuset på Vikeså.

Mord for 180 år sidan. Oppatbygging av stolar og løer.

Oddvin Veen fortel om Enok Birkeland (f. 1778) som var mistenkt for å ha drepe ein fant, og som sjølv vart myrda i 1843.

Tom Kenneth Gilje fortel om å byggja opp att gamle stolar og høyløer.

Mat og kaffi, inngang kr 50.

ÆTTESOGELAGET

Torsdag 30. mars kl 19.00 på

kommunehuset på Vikeså.

Om «Pilt-Ola» og bygdas eldste bygning.

ÅRSMØTE MC-CLUB

Husk årsmøtet i Bjerkreim MC-Club

2010 på Eldhuset, Vikeså.

3. mars kl. 19.30.

Gamle og nye medlemmer er velkomne.

SYNG MED OSS

19. mars kl. 17 i Kulturbanken på Vikeså.

Tirla blandakor inviterer alle sang- og musikkglade i alle aldre.

På programmet:

- Hellvik Mannskor
- Tirla Blandakor
- allsang
- elever fra kulturskolens band
- matsalg og utlodning

HAGELAGET OG BRUKSKUNSTEN

Felles påskemøte 29. mars kl. 18.00 i kulturbanken. Vi lager dekorasjoner; ta med krukker/kurver og pynt.

Vi skaffer blomster/grønt. Matsservering og utlodning.

Bindende påmelding til Marianne innen 20. mars, tlf 473 43 663. Kr 200,- pr.

pers. Begrenset antall.

ÅRSMØTE

Tysdag 21. mars kl. 19.30 på

samfunnshuset. Årsmøtesaker.

Presentasjon av planane for uteområdet rundt stadionbygget. Servering.

Arr. Bjerkreim idrettslag

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 9. mars kl. 18.00-20.00 i

Skjeraberget folkehelsehus.

Kvinner treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Kaffi, te og litt å spise.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 1. mars: Gåtur til Hetland

Oppmøte kl 10.00 på Esso. Ta med drikke og sitjeunderlag. Niste ordnar me.

Arr. Fellesrådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne.

JILLE FREDAG

Ungdomsklubb fra 7. klasse og oppover.

Fredag 17. mars

(gymsalen på skolen er åpen)

Fredag 24. mars

Velkommen i Skjeraberget

fra kl. 19.00 - 22.30

KONSERT MED «CHAINBREAKERS» ROCK, POP, FUNKY GOSPEL.

17. mars Bjerkreim kyrkje kl.19.00,

Billetter 200,-/pers. 500,- (familie).

Sjekk Facebook for link til

konserbilletter: <https://www.facebook.com/theholychainbreakers> , TicketCo

eller i døra.

BASAR VIKESÅ NMS

På Vikeså Misjonshus onsdag 29. mars

kl. 18.00. Misjonsinfo/andakt ved Sverre

Jakobsen. Loddsalg og åresalg. Sang av

Bjerkreims Syngjande Kameratar.

OMRÅDEMØTE NMS

Vikeså misjonshus lørdag 18. mars 2023:

Kl. 11.00 Bibeltid v/Arild Nyvoll.

Kollekt.

Kl. 12.30 Mat

Kl. 13.30 Forhandlinger

Kl. 14.30 Misjonsmøte. Tale: Evy

Torunn Nyvoll. Kollekt.

Song/piano Sylwia Søyland/Torunn

Bjerkreim Moi.

Påmelding innan lørdag 11. mars til

sverrej@nms.no eller 959 76 130.

Ingen påmelding til misjonsmøtet.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG:

SAUDATUR

2 dagers tur 16. - 17. juni til Sauda.
På programmet: Guida tur til Åbøbyen og Allmannajuvet. Avslutter lørdag med middag og historier i Nesheimstunet, Vats. Pris kr 2 095 for medl./ kr 2 595 ikkje medl. Få plasser igjen.

UFORMELT SAMVÆR

Tirsdag 7. mars kl. 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus. Ta med håndarbeid eller ikke, det blir uansett hyggelig med en kaffikopp og noe å bite i.

HELSE I HVERT STEG!

Mandag 13. mars kl 18.00.
Månedens aktivitetstur med Bygdekvinnelaget. Turen går til Berse. Oppmøte Bjerkreim skule. Åpent for alle!

LYS OVER LAND

Kretssekretær Odd Eivind Høyvik talar på desse møta:

Onsdag 29.03 Bjerkreim bedehus

Song av Nærbø musikklag

Torsdag 30.03 Espeland forsamlingshus

Song av Leif Rune Drivdal

Møta byrjar kl. 19.30

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl 20.00 Bønnesamvær

06. kl 19.00 Yngres og Korvetten

07. kl 19.00 Kode B

08. kl 14.00 Bingo helselaget

08. kl 17.30 Global cafe

08. kl 20.00 Samtalemøte

09. kl 17.30 Årsmøte helselaget

12. kl 19.30 Møte NLM
v/Odd Dubland

14. kl 19.00 Kode B

17. kl 20.00 Fredagsklubben

18. kl 10.00 Områdemøte NMS

19. kl 11.00 G3gudstjeneste og søndagsskule

20. kl 19.00 Yngres og Korvetten

22. kl 17.30 Global cafe

25. kl 19.00 BKU

26. kl 11.00 Søndagssamling og søndagsskulen

29. kl 18.00 Basar NMS

FORNY:BART OG BE:LÆRT: SYGLEDE

6. mars og 4. april kl 18.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Lær å bruke symaskinen. Lån symaskin (støttet av Gjensidigestiftelsen), eller bruk din egen maskin. Olaug S. Johansen lærer oss grunnleggende teknikker. 6 samlinger a 3 timer.

Aldersgrense 18 år, ellers åpent for alle!

Påmelding Liv Karin 917 29 184

FORNY:BART OG BE:LÆRT: BAKSTEKURS

Mandag 20. mars kl 18.00.

Fokus på gjærbakst og litt surdeigsbakst. Tester ut teknikker for hjemmebakt og gamle tradisjonsbakverk. Maks 12 stk., første mann til mølla.

Påmelding til Liv Karin 917 29 184

BJERKREIM BEDEHUS

01. kl. 17.30 Global kvelds

06. kl. 19.00 Yngres

07. kl. 19.30 Bønnemøte

08. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

11. kl. 12.00 Bedehusbasar
kl. 19.00 Basarkveld

13. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

14. kl. 09.30 Minsten (torsdag)
kl. 19.30 Bønnemøte

15. kl. 17.30 Global kvelds

17. kl. 19.30 Møte Normisjon

18. kl. 18.00 Lørdagskveld Normisjon,
Kveldsmat frå kl. 18.00

kl. 18.45 Møte m/barnesamling

19. kl. 11.00 Endelig søndag Normisjon
kl. 11.20 Søndagsskule

20. kl. 19.00 Yngres

21. kl. 19.30 Logos bibelundervisning

22. kl. 09.30 Minsten (onsdag)

24. kl. 18.00 Kurs; «Familien som
ladestasjon»,
for påmelding sjå nettsida

27. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget

28. kl. 09.30 Minsten (torsdag)

kl. 19.30 Bønnemøte

29. kl. 17.30 Global kvelds

kl. 19.30 Møte Lys over land

31. kl. 19.00 Basar gutte- og jentelaget
kl. 20.00 Fredagstreff

KVINNEDAGEN MED BYGDEKVINNER

8. mars kl 19.00 på samfunnshuset.

Sosial kveld med kyllingsuppe.

Refleksjon/åpenhet rundt psykisk helse ved Olaug og Agathe.

Pris kr 150 medlemmer/kr 200 ikke medl.

Ingen påmelding.

KLESBYTTEDAG

22. april kl 10.00-15.00.

Forny garderoben din på en hyggelig og miljøsmart måte. Innsamling av tøy den 7. mars og 11. april kl 19.00 i Skjeraberget folkehelsehus. For hvert plagg du leverer inn kan du bytte til deg ett nytt. Vi tar imot dameklær, barneklær, herreklær samt leker til barn.

MØTEHELG NORMISJON

Bjerkreim bedehus.

- Møte fredag 17. mars kl. 19.30. Tale v/ Egil Karlsen. Song av Magnar Edland.

-«Lørdagskveld på bedehuset» 18.

mars. Kveldsmat kl. 18.00. Tale v/ Egil Karlsen. Barnesamling. Kaffi etter møte.

-«Endelig søndag» 19. mars kl. 11.00.

Tale v/Kåre Bødalen. Kaffi og litt å bita i. Søndagsskule kl. 11.20.

BEDEHUSBASAREN

Bjerkreim bedehus laurdag 11. mars.

Kl. 12.00: Sal av graut, pølser, kaker og kaffi og rulleappar.

Kl. 13.30: Familiemøte m/ barnebasar. Andakt av Gunhild Helland.

Song av Bjerkreim barnekor. Barnetrekking.

Kl. 19.00: Basarkveld. Andakt av Vegard Mong og song av SångZ.

Åresal, hovudtrekking. Sal av pastasalat, pølser, kaker og kaffi i pausen.



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER:

Sundag 5. mars kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 12. mars kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje

Utdeling av diplom til dåpsskulebarna

Sundag 19. mars kl. 11.00.

G3 gudsteneste på Vikeså Misjonshus

Soknets årsmøte etter gudstenesta

Sundag 26. mars

IKKJE gudsteneste i soknet

DØYPTE:

05.02.23 Benjamin Reed Spødervold

DØDE:

30.01.23 Gunhild Brattebo

03.02.23 Ole Arthur Bjørge

SOKNERÅDSLISTA

Det er soknerådval 11. september.

Vi er så glade for at desse 13 har sagt seg villege til å stå på val til Bjerkreim sokneråd:

1. Jane Fuglestad Rønning, 41 år
2. Valborg Bjerkreim, 31 år
3. Andreas Osland, 60 år
4. Annbjørg Gravdal Larsson, 51 år
5. Kari Tove Vikeså, 68 år
6. Aslaug Marie Undheim, 71 år
7. Kristoffer Gilje, 33 år
8. Tore Soteland, 61 år
9. Oddrunn Veen, 53 år
10. Olav Nygård, 39 år
11. Gunn Tone Grastveit Nilsen, 51 år
12. Gudbjørg Bjerkreim, 64 år
13. Jan Tore Gjedrem, 31 år

FASTEAKSJONEN FOR KIRKENS NØDHJELPS ARBEID

Årets aksjonsdag blir tysdag 28. mars og tema er: «Håp i ein drope vatn.» For lite vatn og forureina vatn tek ofte flest liv. 4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Ta vel imot konfirmantane når dei kjem frå dør til dør denne ettermiddagen og kvelden. Takk for di gåve som kan gje ei framtid utan fattigdom, sjukdom og naud. Om de ikkje er heime, kan de gje ei gåve med VIPPS til 2426 (valfritt beløp)



6.klassingar får tilbod om bibelvandringskurs Kode B- Tøffe typer i bibelen. Oppstart er 07.03 kl. 19.00. på Vikeså Misjonshus og området ved Svelavatnet. Hugs å kle dykk etter veret. Ta med Bibel og skrivesaker.

Øvrige datoar: 14. mars, 11. april og 18. april. Vi møter kong David, dronning Ester og Paulus. Dersom du ikkje fekk Bibel i kyrkja i januar kan du melde deg på likevel og få Bibelen på første samling. Påmelding:

tinyurl.com/bj-kode-B-23

SOKNEÅRSMØTE

Dette vert på Vikeså Misjonshus etter G3 gudstenesta 19. mars ca kl 12.15. Tema: Årsmelding, hovudtendar i statistikken, samtale om arbeidet og høve til innspel og spørsmål.

SALMEKVELD

Velkomen til Ivesdal kyrkje torsdag 9. mars kl 19.30. Gjermund Vassbø fortel om «Mi salme», som tyder noko spesielt for ham. Arvid Edland fyller kyrkja med fin trekkspelmusikk. Ola Birkeland, Magnar Egeland og Eli Mari Hadland deltek. Sett av kvelden og ver velkommen.

OLE PAUS-KONSERT I BJERKREIM KYRKJE

Søndag 26. mars kl 19.30 arrangerer Dalane kulturfestival konsert med Ole Paus i samarbeid med soknet. Sal av billetter på egersundkulturhus.no og i døra.

Velkommen!

TRAFIKALT GRUNNKURS

Det blir kurskveldar 8. mai, 9. mai, 10. mai og 15. mai kl 14.30-16.30 på Vikeså + ein kveld med mørkekøyning seinare. Deltakarane må ha fylt 15 år før kursstart. Meir info. om påmelding i aprilnummeret.

KROSSMERKET

Ein dag som har vorte litt gløymd i vår vestlege lutherske tradisjon, er Askeonsdag. På denne dagen som startar fastetida fekk ein gjerne teikna krossmerket med aske i panna av presten. Dette var ei påminning om vår dødelighet, men også om kven vi har på laget, nemleg den krossfeste og oppstadne Jesus.

«Eg vert merka for livet», kan ein gjerne seie dersom noko dramatisk eller rart har hendt. Å bli døypt er også å bli merka for livet, med krossmerket. Paulus forklarar det på denne måten: «Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans» (Rom 6,5). Faste kan høyrast litt krevjande og slitsamt ut, som om me skal prestera noko. Eg høyrte ein klok mann skildra fasta som ei øving i kjærleikens merksemd. Kan hende det skal vere eit mål for fasta? Korleis kan eg vise merksemd i kjærleik? Eg ynskjer deg ei velsigna fastetid!

Soknepresten

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT OG TILSKOT TIL AVLØYSING 2023

FØRSTE SØKNADSRIST 15.03.23

Søknad om produksjonstilskot består av 2 delar, del 1 med søknadsfrist 15.03.23 og del 2 med søknadsfrist 15.10.23. På same måte som i fjor haust, skal søknadsfristane praktiserast fleksibelt, slik at du kan levera heilt fram til 29.03.22, men du får eit trekk på kr. 1 000,- pr. dag du leverer etter 15.03.23. Du kan og korrigerer søknaden fram til 29.03.23 - utan økonomiske sanksjonar.

Du skal nå søkja tilskot til:

- Husdyrtilskot: halvt tilskot til alle dyreslag, med unntak for alle sauene som får fullt tilskot ved denne søknadsomgangen.
- Dette gjeld også i høve til grunnlaget for avløyartilskotet for heile 2023.
- Du skal ikkje søkja om avløyartilskotet før i oktober.
- Definisjonen av sau er nå «sau født året før eller tidlegare». Det betyr at både påsettlam og «blålam» får husdyrtilskot dersom du har desse fram til 01.03. Fjorårslam som vert slakta etter 01.03 får ikkje lammeslakttilskot. Med andre ord så får ein ikkje i «pose og sekk». Tilskot til lammeslakt er satt opp til 525 kr frå og med 2022.
- Når det gjeld sauer er det «trappetrinn» i tilskottet, mest for dei første 75 vinterfora dyra, litt mindre for dei neste 75 vinterfora, og stor nedgang i tilskott for dei sauene over 150 vinterfora.
- Opplysningar om slaktedy, gris og kylling vert henta frå leveranse-databasen, så det einaste du treng å gjera er å kryssa av for at du vil søkja tilskot for desse dyra.
- Du søker også om driftstilskot for mjølkeproduksjon og spesialisert



kjøttproduksjon, samt tilskot til små og mellomstore mjølkebruk ved denne søknadsomgangen. Dette er tilskot som vert berekna automatisk med grunnlag i det dyretallet du søker på i høve til mjølkekyr og ammekyr.

- **Husk at både mjølkekyr og ammekyr må ha kalva minst ei gong dei siste 15 månadene, for å verta rekna som kyr. Dei som har lengre kalvingsintervall, vert då rekna som øvrige storfe.**
- **Ver nøye når du fører opp dyr! Me finn ennå feil på kontrollane, og avkortar tilskot på grunn av feilføring.**

Ved søknad på del 2 i oktober 2023, skal ein søkja på:

- Husdyrtilskot, unnateke sau
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Driftstilskot mjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Avløyartilskot
- Beitetilskot for 16 vekers beite, her må ein vera nøye å berre føra opp dei dyra som faktisk har vore ute på beite i 16 veker.
- Beitetilskot på utmark i minimum 5 veker.

Me må oppfordra dykk til å vera nøye med utfylling av søknaden. Alle dyretal SKAL vera korrekte, og

me anbefaler fysisk teljing av dyra før ein fyller ut søknaden.

Me vil også minna om at du må ha ein årlig gjødselplan for ditt gardsbruk. Me tek stikkprøvekontroll av 10 % av alle søknadane kvart år, og då sjekkar me alltid at føretaket har årlig gjødselplan og sprøytejournal.

Landbrukskontoret vil framleis kunna rettleia dykk i søknadsprosessen, og forklara korleis de skal gå fram. Dei som treng meir hjelp, kan ta med bank-id-brikka til landbrukskontoret så vil me hjelpa til med utfylling av søknaden. Det er også høve til å levera søknad på papir.

Lurer du på noko så ikkje nøl med å ta kontakt med Svein Olav 51201173/99021019, Kjell 51201172 eller Gerd 51201170. Det er betre å kontakta oss ei gong for mykje, enn ei gong for lite.

Lukka til !

Husk å sjekke om du har nok SPREIEAREAL før du tek i mot gjødsel frå andre føretak !

Me hadde tilsvarande overskrift i fjor på denne tida og det resulterte i at fleire av dykk tok kontakt og fekk berekna spreiearealet på bruket.

Dersom du er i tvil om du har nok spreieareal, så ta kontakt så skal me hjelpe til med berekning og husk at dersom du tek i mot husdyrgjødsel frå andre så skal dei mottekne gjødsel-mengdene i gjødselplanen.

INFORMASJON

MYKSVOLL
MIKROBRENNERI

kaffe bestiller du her:
HÅNDBRENT.NO
leveres på din dør i Bjerkreim

GO Consult
Olav Engelsgerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscaml.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv

Gitar og Handverk DA

Gitarreperasjoner og rekvisita Blomsterdekor til alle anledninger, materiell

Velkommen til «løa» vår i Heiavegen 70 på Svela/Vikeså
Følg oss gjerne på  gitaroghandverk
Trond og Anne Rita, tlf 90018689/95237450

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVERANDLIGHT.NO



POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955
DU ER HJERTELEG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 Bjerkreim
legekantor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekantor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00

Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00

Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

coop



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt
Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no